




Fræna kommune
Rådmann



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
v/Rigmor Brøste
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Dvkkr ref:

Vår ref
2014/2013-9

Saksbehandlar
Anders Skipenes

Dato
18.12.2014

Prosess-støtte i forbindelse med kommunereform - Fræna kommune

Viser til forventingsbrev av 15.10.2014 vedrørende kommunereformen i Møre og Romsdal.


Fræna kommune har hatt to saker oppe i kommunestyret denne høsten (se vedlegg):

Sak 40/2014: Kommunereforma

Sak 41/2014: Kommunereform – organisering av arbeidet i Fræna kommune

Ber med bakgrunn i vedtakene om å få utbetalt kr 200 000 til prosess-støtte.

Med helsing


Anders Skipenes
Rådmann

Postadresse
Fræna kommune, 6440 Elnesvågen
E-post:
postmottak@frana.kommune.no

Besøksadresse
Kommunehuset
www.frana.kommune.no

Telefon
712 68 100
Telefaks
712 68 199

Bank
8601 42 36300
Org.nr
845 241 112



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune	135/2014	03.11.2014
Kommunestyret i Fræna	41/2014	17.11.2014

Kommunereform - organisering av arbeidet i Fræna kommune

Fylkesmannen i Møre og Romsdal sende den 15. oktober ut forventningsbrev til alle kommunane i fylket vedrørende kommunereforma.

I brevet vert det synt til Stortingsvedtaket om kommunereforma (av 18. juni 2014) der følgjande går fram:

- 1. Alle kommunar har ei utreiingsplikt som inneber at dei skal gjennom ein prosess i eigen kommune der ein skal diskutere og vurdere ulike alternativ for framtidig kommunestruktur*
- 2. Alle kommunar skal sørge for gode og lokalt forankra prosessar*

Fylkesmannen ber om at alle kommunane i fylket seinast innan utgangen av året handsamar og gjer vedtak om korleis prosessen skal gjennomførast hos seg. Etter at vedtaket er fatta, skal dette sendast Fylkesmannen innan tidsfristen 31.12.2014.

Kvar kommune vil (dersom vedtaket er sendt Fylkesmannen innan fristen) motta kr. 200.000,- i støtte til å gjennomføre prosessarbeidet i eigen kommune.

Kommunane vert også bedne om å utnemne ein eigen kontaktperson for reformarbeidet.

Kriterier for ein god kommunestruktur

Regjeringa har oppnemnd eit ekspertutval som har arbeidd med kommunereforma. Utvalet har sett på kva som vil vere viktige kriterier for å ha ein god kommunestruktur (tabellen under)

Samfunnsmessige omsyn	Kriterier
Tenesteyting	
Kvalitet i tenestene Effektiv bruk av samfunnet sine ressursar Likeverd	Tilstreккеleg kapasitet Relevant kompetanse Effektiv tenesteproduksjon Økonomisk soliditet Valfridom Statleg rammestyling
Utøving av mynde	
Rettstryggleik	Tilstreккеleg kapasitet Relevant kompetanse

	Tilstreккеleg distanse
Samfunnsutvikling	
Heilskapleg ivaretaking av areal- og transport-interesser tilpassa klima- og miljøomsyn Leggje til rette for positiv utvikling av lokal- og storsamfunn	Funksjonelle samfunnsutviklingsområde Tilstreккеleg kapasitet Relevant kompetanse
Demokratisk arena	
Viktige oppgåver og rammestyring Lokal politisk styring Levande lokalt folkestyre Aktiv lokal politisk arena	Høg politisk deltaking Lokal politisk styring Lokal identitet Brei oppgåveportefølje Statleg rammestyring

(meir om kriteria finn ein her: http://www.regjeringen.no/upload/KMD/KOMM/kommunereform.no/Kriterier_for_god_kommunestruktur.pdf)

Gode og lokalt forankra prosessar

Kommunane skal sikre at arbeidet med kommunereforma har brei medverknad. Det vert lagt særskilt vekt på at dei unge i kommunen vert involvert i arbeidet. I Fræna vil det vere naturleg at prosessen involverer følgjande deltakarar:

- *Kommunestyret og dei politiske partia*
- *Den administrative kommuneleiinga*
- *Tillitsvalde i kommunen*
- *Fræna Ungdomsråd*
- *Fræna Eldreråd*
- *Fræna Næringsforum (evt. også med deltakarar frå dei større verksemdene i kommunen (t.d. Omya Hustadmarmor, Doosan))*
- *Grendalag*
- *Andre*

Involverande prosessar vil verte viktig for å utvikle tillit, forståing, identitet, eigarskap og felles engasjement for arbeidet. Prosessane må forankrast i kommunestyret, blant dei tilsette i kommunen og blant innbyggjarane i kommunen. Kommunestyret har ansvar for dette.

Viktige spørsmål som skal stillast er:

- *Kva forventningar har du til framtidig tenestetilbod?*
- *Kva forventningar har du til utviklinga i kommunen?*
- *Kva syns du er viktig å ta med vidare (tenester) i ein ny kommune?*
- *Kva er du mest redd for å miste i ein ny kommune?*
- *Kva kommunar syns du det kan vere aktuelt å slå seg saman med, og gjeld dette heile eller delar av kommunen?*
- *Kva kvalitetar meiner du at kommunen bør ha for å vere ein attraktiv stad i framtida?*

Brei medverknad kan sikrast ved å arrangere folkemøter, innbyggjarpanel eller ved å gjennomføre undersøkingar.

I dette arbeidet vert det viktig at vi fokuserer på å skape eit felles framtidig bilde av dei mogleheitene vi har.

Under denne linken finn ein meir informasjon om utreiing og prosess:

http://www.regjeringen.no/upload/KMD/KOMM/kommunereform.no/Veien_mot_en_ny_kommune.pdf


Milepælplanen frå regjeringa

Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD) har utarbeidd ein milepælplan for arbeidet med kommunereforma (fig. under). Dei lokale prosessane må tilpassast denne med omsyn til framdrift og lokale vedtak.

Planen legg til grunn at kommunane skal kunne gjere lokale vedtak i løpet av hausten 2015 og våren 2016.

Dette inneber at vi i den lokale prosessen må fokusere på aktiviteten i 2015.

Milepælplan kommunereform



Kjelde : KMD

Organisering av arbeidet

Kommunestyret i Fræna er styringsgruppe for arbeidet med kommunereforma. For å gjere arbeidet så effektivt som mogleg, ser ein for seg følgjande organisering:




Arbeidsgruppene skal gjevast konkrete utreiingsoppgåver, oppgåver i samband med organisering av møtefora, o.l.

Intern og ekstern kommunikasjon

Det er viktig å sikre god kommunikasjon internt og eksternt gjennom heile prosessen. Ordføraren er ansvarleg for ekstern informasjon. Hovudkanal for ekstern informasjon vil vere Fræna kommune sine heimesider. Kommuneavisa for Fræna vil også verte nytta som informasjonskanal.

Rådmannen er ansvarleg for intern kommunikasjon. Informasjonakanalane vil vere kommunen sitt intranett, leiarmøter og møter med tillitsvalde.

Lokal aktivitetsplan



Rådmannens tilråding:

1. Arbeidet med kommunereforma skal vere ein prosess som sikrar brei medverknad frå lag, organisasjonar og innbyggjarane i kommunen. Kommunestyret skal vere styringsgruppe. Det vert etablert eit arbeidsutval leia av ordføraren. Arbeidsutvalet skal sikre god framdrift i arbeidet, sikre at alle som ønskjer det får kome med sine innspel og ivareta dialogen med eksterne aktørar (som t.d. Fylkesmannen og Romsdal Regionråd). Ordføraren er kommunen sin kontaktperson for arbeidet med kommunereforma.
2. Etter behov organiserer arbeidsutvalet ulike arbeidsgrupper som skal gjennomføre utreiingsoppgåver, organisere folkemøter eller andre oppgåver som er naudsynt å ivareta for å sikre eingod prosess
3. Kommunestyret har kommunereforma som fast agendapunkt på møtene sine våren 2015 og hausten 2016
4. Kommunestyret gjer vedtak om framtidig kommunestruktur våren 2016

Behandling i Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune - 03.11.2014

Det kom frem forslag på at gruppelederne skal være med i arbeidsgruppene.

Punkt 3 i rådmannen sitt forslag:

Hausten 2016 vart retta til hausten 2015

Ved voteringa blei Rådmannen si tilråding med tilleggsforslaget om at gruppeleiderne skal være med i arbeidsgruppene samrøystes vedteke.

Vedtak:

5. Arbeidet med kommunereforma skal vere ein prosess som sikrar brei medverknad frå lag, organisasjonar og innbyggjarane i kommunen. Kommunestyret skal vere styringsgruppe. Det vert etablert eit arbeidsutval leia av ordføraren. Arbeidsutvalet skal sikre god framdrift i arbeidet, sikre at alle som ønskjer det får kome med sine innspel og ivareta dialogen med eksterne aktørar (som t.d. Fylkesmannen og Romsdal Regionråd). Ordføraren er kommunen sin kontaktperson for arbeidet med kommunereforma.
6. Etter behov organiserer arbeidsutvalet ulike arbeidsgrupper som skal gjennomføre utreiingsoppgåver, organisere folkemøter eller andre oppgåver som er naudsynt å ivareta for å sikre ein god prosess
7. Kommunestyret har kommunereforma som fast agendapunkt på møtene sine våren 2015 og hausten 2015
8. Kommunestyret gjer vedtak om framtidig kommunestruktur våren 2016

Gruppeleiderne skal være med i arbeidsgruppene.

Behandling i Kommunestyret i Fræna - 17.11.2014

Representantane Aud Solveig P. Malmedal, Tove Henøen, Kjell Lode og Sigrid Gjendem Fjørtoft kom med følgende tilleggsforslag som punkt 5:

Hvert politiske parti oppnevner 1 representant til arbeidsutvalet. Ungdomsrådet utnevner 1 representant til arbeidsutvalet.

Vedtaket fra Pløk om at gruppeleiderne skal være med i arbeidsgruppene, vart samrøystes vedteke strøket.

Vedtak:

9. Arbeidet med kommunereforma skal vere ein prosess som sikrar brei medverknad frå lag, organisasjonar og innbyggjarane i kommunen. Kommunestyret skal vere styringsgruppe. Det vert etablert eit arbeidsutval leia av ordføraren. Arbeidsutvalet skal sikre god framdrift i

arbeidet, sikre at alle som ønsker det får kome med sine innspel og ivareta dialogen med eksterne aktørar (som t.d. Fylkesmannen og Romsdal Regionråd). Ordføraren er kommunen sin kontaktperson for arbeidet med kommunereforma.

10. Etter behov organiserer arbeidsutvalet ulike arbeidsgrupper som skal gjennomføre utreiingsoppgåver, organisere folkemøter eller andre oppgåver som er naudsynt å ivareta for å sikre ein god prosess
11. Kommunestyret har kommunereforma som fast agendapunkt på møtene sine våren 2015 og hausten 2015
12. Kommunestyret gjer vedtak om framtidig kommunestruktur våren 2016
13. Hvert politiske parti oppnevner 1 representant til arbeidsutvalet. Ungdomsrådet utnevner 1 representant til arbeidsutvalet.



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune	119/2014	29.09.2014
Kommunestyret i Fræna	40/2014	17.11.2014

Kommunereforma

Saksopplysningar

Norske kommunar er ansvarlege for ei omfattande tenesteyting til innbyggjarane sine. Kompleksiteten i tenestene har også auka år for år.

Regjeringa har starta arbeidet med ei kommunereform. Formålet med kommunereforma er å få meir robuste kommunar med auka makt og mynde, og som kan handtere noverande og framtidige utfordringar og oppgåver på ein endå betre måte. Målet er å sikre eit lokaldemokrati som tek vare på velferd, sikrar verdiskaping og aukar trivsel samstundes som ein står overfor utfordringa knytt til demografi, sentraliseringsstraumar og kompetanse.

Det er meir enn 50 år sidan førre kommunereform, og kompleksiteten i oppgåvene til kommunane har auka mykje sidan den gongen. Samstundes har den statlege detaljstyringa også blitt omfattande og krevjande. For å kunne løyse dei samla utfordringane, har dei fleste kommunane etablert ei rekkje interkommunale samarbeid.

Regjeringa legg også vekt på fleire forhold som vert haldne fram som viktige argument for at det no er riktig å starte arbeidet med ei ny kommunereform. Av dei viktigaste kan følgjande nemnast:

- Sikre likeverdige tenester over heile landet
- Skape større og meir stabile fagmiljø
- Auke kompetansebreidda og gjere tiltaksporteføljen breiare
- Auke samordninga av den lokale og regionale utviklinga med omsyn til arealforvaltning, samfunnstryggleik- og beredskap, transport, næring, miljø og klima
- Auke tilpassinga til naturlege bu- og arbeidsmarknadsregionar
- Redusere trongen for interkommunale løysingar, og redusere statleg detaljstyring

Overordna tidsplan

I kommuneproposisjonen 2015 har regjeringa lagt følgjande milepælsplan for kommunereforma:

2014

- Mars: Delrapport frå Ekspertutvalget for kommunereforma der mandatet er å finne kriteriar for dagens kommunar gitt same oppgåver som i dag. Delrapporten blei offentleg 31. mars
- Mai: Kommuneproposisjonen med meldingsdel om kommunereforma der regjeringa vil melde sine mål og milepælsplan for gjennomføringa av reformen
- Desember: Endeleg rapport frå Ekspertutvalget der mandatet er å sjå på oppgåver som større og meir robuste kommunar kan løyse.

2015

- Vår: Stortingsmelding frå regjeringa ved Kommunal- og moderniseringsdepartementet om oppgaveendringar
- Haust: Kommuneval

Hausten 2015 og våren 2016 skal kommunane gjere lokale vedtak om ny kommuneinndeling.

Våren 2016 blir det vedtak i kongelege resolusjonar om samanslåing av kommunar for dei kommunane som er tidleg ute med lokale vedtak.

Våren 2017 fremmar regjeringa proposisjonar om ny kommuneinndeling og om nye oppgåver til kommunane til handsaming i Stortinget.

Alle naudsynte vedtak om ny kommuneinndeling skal vere fatta innan våren 2017. Kommunesamanslåingane settast i verk seinast frå 1. januar 2020.

I Møre og Romsdal har fylkesmannen tatt initiativ til ein tenketank for kommunereforma. Medlemmane i tenketanken er regionråda, ved styreleiar og dagleg leiar, KS, leiar for Rådmannsutvalet og fylkeskommunen i tillegg til fylkesmannen. Føremålet med tenketanken er å legge til rette for ein god prosess og gjennomføring av kommunereforma i fylket.

Lokale og regionale prosessar

ROR

Medlemsmøtet i ROR har etablert prosjektet «Kommunestruktur og samfunnsutvikling i Molderegionen». Dette prosjektet er som formål å kartlegge potensiell framtidig kommunestruktur. ROR har gjort avtale med Telemarksforskning om leveranse av konsulenttenester i analysearbeidet.

ROR går breitt ut med omsyn til analyse av ulike modellar, men slår fast at ein modell som skal utgreiast er ei framtidig storkommune i Romsdal som består av alle dei 8 noverande medlemskommunane (Vestnes, Rauma, Nesset, Molde, Midsund, Aukra, Fræna og Eide).

ROR har bede om at medlemskommunane innan 1. oktober (der dette er mogleg) handsamar saka politisk, og melder inn dei alternativa for framtidig kommunestruktur som ein ønskjer utreidd vidare (avgrensa til 2 – 3 ulike modellar). Dei kommunane som ikkje har gjennomført politisk handsaming før 1.10, vert bedne om å gjere dette ved første høve etter denne datoen.

Analysearbeidet til Telemarksforskning vil starte opp i midten av oktober.

Prosjektplan for «Kommunestruktur og samfunnsutvikling i Molderegionen» følgjer vedlagt saksutreiinga.

Fræna

Fylkesmannen har bede kommunane om å melde tilbake innan utgangen av året kva potensielle modellar ein ser for seg med omsyn til kommunestruktur. Samstundes legg ROR opp til ein litt raskare framdriftsplan i arbeidet.

I Fræna vert saka handsama av kommunestyret den 13. oktober. Etter dette vil ein orientere ROR om dei strukturmodellane som ein frå Fræna si side, ønskjer ei vidare utreiing av.

Det vil styrke kvaliteten i dei lokale prosessane dersom kommunane legg opp til brei medverknad. Her kan kommunane nytte ulike former for dialogmøter / folkemøter, arbeidsgrupper som ser på ulike sider ved inngå i ein ny storkommune, involvering av frivillige organisasjonar og medverknad frå næringsliv si side.

Fræna kommune er sentralt plassert på Romsdalshalvøya, og grensar til dei 3 andre ROR-kommunane Aukra, Molde og Eide. Med sine snart 10.000 innbyggjarar er Fræna den nest største kommunen i regionen etter Molde. Kommunen har vegmessig gode kommunikasjonar til dei 3 nabokommunane.

Denne situasjonen gjer at Fræna har fleire ulike potensielle samarbeidmodellar enn ein del av dei andre ROR-kommunane.

Slikekonstellasjonar dannast ut frå følgjande samansetning av noverande kommunar:

- *Fræna og Molde (36.000 innbyggjarar)*
- *Fræna, Molde, Midsund, Aukra og Eide (45.000 innbyggjarar)*
- *Fræna, Molde og Eide (39.500 innbyggjarar)*
- *Fræna, Midsund, Aukra og Eide (19.000 innbyggjarar)*

I tillegg skal som tidlegare nemnt, ein ny storkommune samansett av alle ROR-kommunane utreiaast. Denne kommunen vil i så fall få eit samla innbyggjartal på over 63.000

Økonomiske insitament

Regjeringa har signalisert at der vil verte nytte økonomiske verkemidlar i kommunereformarbeidet. Det er lagt til grunn ordningar som vil bli gjort gjeldande for dei kommunane som vel å slå seg saman i reformperioden (dvs. der det er fatta nasjonale vedtak innan 01.01.2018)

Eingongskostnader

Kommunar som slår seg saman, får dekt eingongskostnader etter ein standardisert modell. Grunnbeløpet er sett til 20 mill (når 2 kommunar slår seg saman), og deretter aukande ut frå talet på kommunar som slår seg saman og innbyggjartalet i den nye kommunen. Den øvre grensa for dekking av eingongskostnad, er sett til 65 mill.

Modell for dekking av eingongskostnader i reformperioden (kroner).

Antal kommunar og innbyggjarar i sammenslåinga	0-19 999 innbyggjarar	20- 49 999 innbyggjarar	50- 99 999 innbyggjarar	Over 100 000 innbyggjarar
2 kommunar	20 000 000	25 000 000	30 000 000	35 000 000
3 kommunar	30 000 000	35 000 000	40 000 000	45 000 000
4 kommunar	40 000 000	45 000 000	50 000 000	55 000 000
5 eller fleire kommunar	50 000 000	55 000 000	60 000 000	65 000 000

Reformstønad

Kommunar som slår seg saman i reformperioden, vil få reformstønad. Reformstønaden er sett til minimum 5 mill pr. samanslåing. Stønaden er differensiert ut frå talet på innbyggjarar, og er avgrensa oppover til maksimalt 30 mill. Utbetalinga vil verte gitt utan ytterlegare søknad frå kommunane, og vil bli utbetalt på samanslåingstidspunktet.

Stortinget har bede regjeringa om å kome tilbake på punktet om reformstønad til kommunar som slår seg saman og som får færre enn 10.000 innbyggjarar. Dette vil verte avklara i samband med framlegginga av statsbudsjettet for 2015.

Modell for reformstønad i reformperioden (kroner).

Antal innbyggjarar i sammenslåinga	Reformstønad
0-10 000 innbyggjarar	Statsbud. 2015
10-14 999 innbyggjarar	5 000 000
15 000- 29 999 innbyggjarar	20 000 000
30 000- 49 999 innbyggjarar	25 000 000
Over 50 000 innbyggjarar	30 000 000

Inndelingstilskot

Noverande ordning knytt til inndelingstilskot vil bli vidareført, og kommunar som slår seg saman vil få dette som om dei framleis var separate kommunar i 15 år etter samanslåinga. Tilskotet vil deretter verte trappa ned over 5 år. Dette vil i følgje regjeringa gje kommunane ein lang periode der dei vil få høve til å tilpasse seg nye rammevilkår.

Det er lagt til grunn at den noverande ordninga vert vidareført for kommunar som slår seg saman i reformperioden, men at ordninga vil verte strama inn etter dette. I klårtekst tyder dette ei omlegging av omfanget, innretninga og perioden for inndelingstilskotet for dei kommunane som vel å ikkje inngå i reforma.

Inntektssystemet

Regjeringa varslar elles at det vil verte lagt opp til ei heilskapeleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane i løpet av reformperioden.

Detaljane i dette er framleis ikkje klare, men under møtet som Fylkesmannen arrangerte i Molde den 17. september, signaliserte departementsråd Eivind Dale i KMD at småkommunar neppe kan rekne med å få inntektskompensasjon ut frå storleiken i framtida.

Rådmannens tilråding:

1. Plan- og økonomiutvalet i Fræna tek orienteringa frå rådmannen om kommunereforma som regjeringa har initiert, til vitande.
2. Plan- og økonomiutvalet i Fræna støttar det utreiingsarbeidet som er sett i verk i regi av ROR, og legg samstundes til grunn at der vil bli sett i verk ein eigen utreiingsprosess lokalt. Det vil vere eit mål å engasjere breiast mogleg i denne prosessen.
3. Plan- og økonomiutvalet i Fræna ønskjer at ROR utgreier følgjande potensielle modellar til ny kommunestruktur:
 - a. Fræna og Molde
 - b. Fræna, Molde og Eide
 - c. Fræna, Molde, Midsund, Aukra og Eide
 - d. Fræna, Midsund, Aukra og Eide

Behandling i Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune - 29.09.2014

Representanten Tove Henøen sette frem slikt forslag:

Pkt 1. og pkt 2. som Rådmannen.

Pkt 3. a. Fræna og Eide

b og c som Rådmannen

d Fræna, Midsund, Aukra, Eide og Averøy

Representanten Kjell Lode sette frem slikt forslag til nytt punkt 3:

a. Fræna og Eide

c. Fræna, Aukra, Eide, Midsund, Averøy

nytt d. Fræna, Aukra, Eide, Molde, Averøy

b. Fræna, Eide, Molde

a. Fræna, Molde

Fræna Arbeiderparti ved representanten Aud Solveig P. Malmedal sette frem forslag om nytt punkt 4:

Fræna Kommunestyre setter ned en gruppe som har i oppgave å jobbe videre med disse spørsmålene. Alle politiske parti må være representert sammen med administrasjonen.

Før voteringa blei det holde gruppemøte. Etter gruppemøte sette representantane fram nytt forslag om punkt e og f:

e: Fræna, Midsund, Aukra, Eide , Averøy

f: Fræna og Eide

Ved voteringa blei Rådmannen si tilråding til punkt 1 og 2 samrøystes vedteke. Punkt 3 med tillegg av e og f blei samrøystes vedteke .

Nytt punkt 4 vart vedteke mot 5 røyster.

Det vart ikkje votert over forslaga frå representantane Tove Henøen og Kjell Lode.

Vedtak:

4. Plan- og økonomiutvalet i Fræna tek orienteringa frå rådmannen om kommunereforma som regjeringa har initiert, til vitande.
5. Plan- og økonomiutvalet i Fræna støttar det utreiingsarbeidet som er sett i verk i regi av ROR, og legg samstundes til grunn at der vil bli sett i verk ein eigen utreiingsprosess lokalt. Det vil vere eit mål å engasjere breiast mogleg i denne prosessen.
6. Plan- og økonomiutvalet i Fræna ønskjer at ROR utgreier følgjande potensielle modellar til ny kommunestruktur:
 - a. Fræna og Molde
 - b. Fræna, Molde og Eide
 - c. Fræna, Molde, Midsund, Aukra og Eide
 - d. Fræna, Midsund, Aukra og Eide
 - e. Fræna, Midsund, Aukra, Eide, Averøy
 - f. Fræna og Eide
7. Fræna Kommunestyre setter ned en gruppe som har i oppgåve å jobbe vidare med disse spørsmålene. Alle politiske parti må være representert sammen med administrasjonen.

Behandling i Kommunestyret i Fræna - 17.11.2014

Pløk si tilråding vart samrøystes vedteke, der punkt 4 vart samrøystes vedteke strøket.

Vedtak:

8. Plan- og økonomiutvalet i Fræna tek orienteringa frå rådmannen om kommunereforma som regjeringa har initiert, til vitande.
9. Plan- og økonomiutvalet i Fræna støttar det utreiingsarbeidet som er sett i verk i regi av ROR, og legg samstundes til grunn at der vil bli sett i verk ein eigen utreiingsprosess lokalt. Det vil vere eit mål å engasjere breiast mogleg i denne prosessen.
10. Plan- og økonomiutvalet i Fræna ønskjer at ROR utgreier følgjande potensielle modellar til ny kommunestruktur:
 - a. Fræna og Molde
 - b. Fræna, Molde og Eide
 - c. Fræna, Molde, Midsund, Aukra og Eide
 - d. Fræna, Midsund, Aukra og Eide
 - e. Fræna, Midsund, Aukra, Eide, Averøy
 - f. Fræna og Eide